



Møteprotokoll

Utval: Formannskapet
Møtestad: Kommunestyresalen
Dato: 23.02.2026
Tid: klokka 12.00 - 14.00

Desse møtte	Representerer	Funksjon
Torill Oda Ringstad	AP	medlem
Annika Hove	FOHA	medlem
Bernt Brandal	FOHA	ordfører
Kristian Fuglseth	FOHA	medlem
Oskar Grimstad	FRP	varaordfører

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Ranja Dimmen Alme	FOHA	Annika Brandal	V
Øyvind Grimstad	INP	Wenche J. H. Jøsok	H

Møtenotater:

Frå administrasjonen møtte:

- Bent Arild Grytten, kommunedirektør
- Hanne Rognan, assisterande kommunedirektør
- Ottar Røyset, kommunalsjef velferd
- Helge Hamre, kommunalsjef læring og kultur
- Erlend Friestad, kommunikasjonsrådgjevar
- Johannes Alme, einingsleiar næring
- Kristian Stråmyr, leiar servicetorg (møtesekretær)

Andre som møtte:

- Anette Schei, advokat Judicia
- Reidar Andresen, advokat Judicia

Møte slutt: kl. 14.00

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 15/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/326
PS 16/26	Godkjenning av protokoll	26/326
PS 17/26	Orienteringar og spørsmål	26/326
PS 18/26	Referatsaker	26/326
PS 19/26	Høyringsinvitasjonar	26/326
PS 20/26	Høyringsuttale beredskapsløysning ved stenging av Valderøytunellen	26/22
PS 21/26	Leige av terminalplassen 14. og 17. mai 2026	26/278

Hareid, 24.02.2026

Bernt Brandal
ordfører

PS 15/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vart godkjende utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 16/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Samrøystes

PS 17/26 Orienteringar og spørsmål

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Orientering i formannskapet om omstillingsprosessen

Vedtak:

Orienteringar vart tekne til vitende.

Behandling:

Orientering i sak OS 02/26: Forslag om å vedta å lukke møtet med heimel i kommunelova § 11-5 3. ledd bokstav b, jf. offentleglova § 23 første ledd: samrøystes vedteke.

PS 18/26 Referatsaker

Vedtak:

Ingen referatsaker oppmeldt til møtet.

Behandling:

Ingen referatsaker oppmeldt til møtet.

PS 19/26 Høyringsinvitasjonar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
20/26	Ekstern høyring av nasjonale handlingsplanar for habilitering og rehabilitering
21/26	Forslag til beredskapsløysning for RV658 Valderøytunnelen - høyring
22/26	Høyring - forslag om mellombels endring av alkohollova si bestemmelse om maksimaltid for skjenking - fotball VM 2026
23/26	Høyring - Forslag til nye forskrifter og endringar i eksisterande forskrifter på viltområdet
24/26	Høyring – nytt valfag i norsk teiknspråk på ungdomstrinnet
25/26	Høyring av forslag til forskrift om justering av karbonpris ved innføring av varer til EØS (CBAM-forskrifta)
26/26	Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - ny frist 27. februar 2026
27/26	Høyring av fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - ny frist 27. februar 2026
28/26	Høyring om forslag til endringar i forskrift om nasjonal retningslinje for farmasøytutdanningane
29/26	Høyring om forslag til ny psykisk helsevern forskrift
30/26	Høyring. Forslag til endringar i energikrav i byggt teknisk forskrift
31/26	Høyring: Forslag om innføring av regelbrotsgebyr ved brot på privatskolelova sine forskrifter
32/26	Høyringsbrev om forslag til endringar i vassforskrifta
33/26	Høyringsnotat om klimakrav i byggt teknisk forskrift
34/26	Høyring om forslag til justering av læreplanen i matematikk 1.–10. trinn

Vedtak:

Formannskapet tek høyringsinvitasjonane til vitende.

Formannskapet ber administrasjonen undersøke konsekvensane av HS 32/26, slik formannskapet kan vurdere om kommunen bør sende inn uttale i denne saka i eit seinare møte.

Formannskapet vedtek å sende inn følgjande uttale i HS 16/26:

Høyring av NOU 2026:1 En bærekraftig kommunesektor

Hareid kommune viser til høyringa av utgreiinga om ein berekraftig kommunesektor og støttar framlegg om større lokal handlefridom, forenkling av øyremerka tilskot og mindre rapportering. Hareid kommune støttar ikkje å fjerne lærarnorma.

Vi ønskjer likevel å peike på nokre overordna poeng til dette dokumentet, men spesielt til arbeidet med del to.

Utgangspunktet for tilbakemeldinga er at ein kanskje allereie i mandatet er omgrepet berekraft tolka snevert ved å hovudsakleg konsentrere seg om økonomiske faktorar og ressursbruk. For kommunen inneber berekrafta også verdiar som m.a. *sosial/* berekraft, rettferdig fordeling, samt *styring og demokratisk deltaking*. Dette er likeverdige pilarar som er avhengig av kvarandre.

For å oppretthalde velferdsstaten og eit godt demokrati, bør den omtalte effektiviseringa av kommunal sektor kome i form av ei strategisk og reell, kommunal satsing.

1. Kan ei betre prioritering mellom stat og kommune avhjelpe prioriteringa mellom yngre og eldre i kommunen?

Kommunar og distrikt rundt om i landet ønskjer ikkje fråflytting og sentralisering. Vi ønskjer ei satsing som demmer opp for auka utgifter til både eldre og yngre. Det er problematisk at ein i stor grad framstiller den demografiske utviklinga som eit «organisk mønster» som samfunnet – og dermed kommunane, berre må tilpasse seg. I kommunal samanheng opplev vi ikkje berre ei einseitig eldrebølgje, men også ei yngrebølgje. Vi treng ressursar til å drifte lovpålagde tenester for alle innbyggjarane. Lågare fødselstal i delar av landet er ikkje eintydig med lågare ressursbehov. Dette må adresserast.

2. Kan politiske grep kan hindre avfolking?

Den demografiske utviklinga for flyttemønster og fødselstal er også eit resultat av politiske vegval og strategiske avgjerder. Dette har vore avgjerande for busetjingsmønsteret tidlegare og må vere det i framtida. Ein må difor utfordre vilkåret om at mindre sentralt liggjande kommunar ikkje har – eller får lagt til rette, for å oppfylle generalistoppgåvene sine. Dersom ein legg til grunn ein logikk der kapasitet berre finst – eller skal finnast, i store sentrale miljø, risikerer ein at fleire delar av landet og viktige strategiske område vert avfolka. **Ein slik tankegang vil gje store hol i det kommunale tenestetilbodet fleire stader i landet på grunn av manglande reell, strategisk satsing.**

3. Kan vilje til å prioritere kommunane betre rekruttering?

I det vidare arbeidet med utgreiinga må kommisjonen utvikle desse litt for «sette» perspektiva, som einseitig vektlegg effektivisering og nedbygging. **Får ein ei trygg kommuneforvaltning med god rekruttering gjennom sentralisering?** Tvert om er det fleire stader i landet ikkje mangel på ungdom eller tilflyttarar som søker seg til, etablerer seg, og satsar i mellomstore kommunar og på kommunal sektor. I allfall ei stund enno. I råvareproduserande- (primær) og industrietatte områder er det viktig at offentlege og private arbeidsplassar vert oppretthalde samstundes. Desse utfyller kvarandre på mange måtar.

4. Kan beredskap og tryggleik henge saman med lokalt engasjement?

Tidlegare strukturendringar i Noreg og samanliknbare land gir ikkje eit grunnlag for å konkludere med at effektivisering gjennom sentralisering fører til eit tryggare samfunn med lågare offentlege utgifter eller betre måloppnåing i sektoren. Ein bør heller rette merksemda mot korleis ein kan stimulere til vekst og tilflytting for å sikre nasjonale mål om samfunnssikkerheit og beredskap, eit sunt engasjement, eigarskap og eit medvite, offentlig ordskifte om samfunnsutviklinga. Nærleik og lokal kjennskap er heilt avgjerande for fungerande løysingar. Ei trygg og berekraftig framtid krev ei storstilt satsing på velferdsstaten der debatt, lokaldemokratiet og nærleik til tenestene står sentralt framfor importerte reformidear om systemteknisk effektivisering.

5. Kan vilje til satsing gje meir verdiskaping?

Ein ny generasjon vil ikkje finne motivasjon i ein kommunesektor som vert snakka ned gjennom varsel om effektivisering, kutt og strukturelle endringar som skaper avstand mellom folk og avgjerder. **Det er difor avgjerande at det vert gjeve tydelege, strategiske signal om vilje til satsing ute i kommunane der verdiskapinga faktisk skjer og der folk skal leve liva sine.** Ved å bruke verkemiddel som fremjar utvikling og rekruttering kan ein snu flyttemønsteret og skape ein kommunesektor som er førebudd på framtidas spådomar.

Hareid kommune ser fram til ein del to av utgreiinga som tek føre seg korleis ein kan styrke kommunen som institusjon gjennom vekst og tverrfagleg satsing.

Behandling:

Fellesframlegg om å be administrasjonen undersøke konsekvensane av HS 32/26, slik formannskapet kan vurdere om kommunen bør sende inn uttale i denne saka i eit seinare møte.

Framlegg frå Kristian Fuglseth om tillegg i uttale i HS 16/26:

Hareid kommune støttar ikkje å fjerne lærarnorma.

Røysting

Samrøystes for fellesframlegget

Samrøystes for framlegget frå Kristian Fuglseth

PS 20/26 Høyringsuttale beredskapsløsning ved stenging av Valderøytunellen

Vedtak:

Formannskapet sender inn følgende høyringssvar til «Forslag til beredskapsløsning for fremkommelighet ved langvarig, uforutsett stenging av Valderøytunellen»:

Hurtigbåtsambandet Hareid-(Valderøya)-Ålesund er ein sentral transportnerve for innbyggjarar og næringsliv i Hareid kommune, men også kommunane vest for oss. Dette er hurtigbåtsambandet i fylket med flest passasjerar – med nærare 1500 på ein kvardag. Vi har forståing for at materiell må omdisponerast i ein krise, men vi meiner det er naudsynt å sjå på om det er alternative båtar som kan nyttast, og at desse alternativa må inn i planverket.

I tillegg, dersom hurtigbåtsambandet *må* nyttast i ein kortare periode før alternativ er på plass, må det opprettast erstatningsbuss frå Sulesund med ein gong. Denne erstatningsbussruta må ha nok kapasitet til å ta unna for alle dei som normalt ville teke hurtigbåten.

Behandling:

Kristian Fuglseth (FOHA) fremja forslag til innspel til vurdering i administrasjonen:

Hareid kommune vil gjere alt ein kan for å støtte Giske i samarbeidet om beredskap og andre utfordringar. Vi vil bidra med det vi kan frå Hareid. Her er kaier i le. Her er sørviskaier, kontainerkai osv. med ein del farty og så vidare som kan vere viktige ressursar.

Ein saknar betre kartlegging av kva farty, spesielt for bil, vare og gods, som er fornuftig å ha klare i ein beredskapssituasjon ved stenging av tunellen.

Røysting

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet sender inn følgande høyringssvar til «Forslag til beredskapsløsning for fremkommelighet ved langvarig, uforutsett stenging av Valderøytunellen»:

Hurtigbåtsambandet Hareid-(Valderøya)-Ålesund er ein sentral transportnerve for innbyggjarar og næringsliv i Hareid kommune, men også kommunane vest for oss. Dette er hurtigbåtsambandet i fylket med flest passasjerar – med nærare 1500 på ein kvardag. Vi har forståing for at materiell må omdisponerast i ein krise, men vi meiner det er naudsynt å sjå på om det er alternative båtar som kan nyttast, og at desse alternativa må inn i planverket.

I tillegg, dersom hurtigbåtsambandet *må* nyttast i ein kortare periode før alternativ er på plass, må det opprettast erstatningsbuss frå Sulesund med ein gong. Denne erstatningsbussruta må ha nok kapasitet til å ta unna for alle dei som normalt ville teke hurtigbåten.

PS 21/26 Leige av terminalplassen 14. og 17. mai 2026**Vedtak:**

Formannskapet vedtek at det ikkje blir gitt dispensasjon etter torgforskrifta § 8 siste ledd for utleige av torgplassane på terminalplassen 14. og 17. mai 2026.

Behandling:

Samrøystes for kommunedirektøren si tilråding.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunedirektøren tilrår at det ikkje blir gitt dispensasjon etter torgforskrifta § 8 siste ledd for utleige av torgplassane på terminalplassen 14. og 17. mai 2026.